MELAND KOMMUNE
KOMMUNEINGENIØREN
MOTTATT 13 . 1. 1986
Arkiv nr.

4/2 Dagb. nr. 2252/1939

Form. 0751 b
C. Monsen bokhandel, Bergen

# Skyldskifte.

Laur dag den 29 Juli 1939 heldt underskrivne menn, som er uppnemnde av lensmannen, skyldskifte yver garden Solhaug av Rassland gr.-nr. 6 br.-nr. 20 av skyld mark 0,26 i Herdla herad. Forretningi er kravd av Eigaren: Kristian R. Kobbeltveit

som hev grunnbokheimel til den eigedom som er kravd skift.[1])

Mennsuppnemningi fylgjer. Av mennerne hev fylgjande gjort eiden[2]) som skynsmenn.

Erik Skurtveit, Ingvald Ryland og Johannes Bratshaug.

Desse møtte:[3]) For eigaren: Hermand H. Rassland og for br. nr. 11 møtte Hans H. Rassland, Som kjøpar møtte: Ludvik Vikebö for Rusemeningheiti - Rasslan

Mennene valde til formann Erik Skurtveit

For de part av garden som er fråskild vart sette desse **grensone:**[4])

Grensa tek til i vestre hjørna av parsellen, i ein x hoggen i ein stor stein, som ligg 4 m. frå veglina. Där langst br. nr. 11 grenselina i N. aust 10,5 m. til x i fjell. Där mot sud aust langst fjellets bäggrunnen 19,8 m. til x i fjell. Där mot sud 20,7 m. til x i fjell. Där mot N. vest 42,4 til utgangspunktet.

---

[1]) Hall rekvirenten ikkje hev grunnbokheimel vert ikkje forretningi å godtaka til tinglysing, utan at han ved dom hev fenge stadfesta eigedomsrett til den lut av eigedomen som vert kravd fråskilt.

[2]) Hev nokon av mennene ikkje gjeve slik lovnad som nemnd i lov nr. 1 av 1/6 1917 § 20 skal vedk. før forretningi vert halde skriva under fylgjande fråsegn som vert å senda inn til sorenskrivaren saman med skyldskifteforretningi: „Eg lover at eg i alle saker vil utføra arbeidet mitt som skynsmann samvitsfullt og etter beste yvertydning den 19
N. N."

[3]) Dersom nokon part eller granne som hev interesse i skyldskiftet **ikkje** møter, må det verta sagt frå i forretningi um det er prova at dei er varsla, eller forsovidt vedkjem grannane, um det er funne uturvande å varsla dei (§§ 2 og 8 i skylddelingslovi).

[4]) Sjå §§ 3 og 8 i skylddelingslovi. Grensone mot granneeigedom må ein ikkje skriva noko um, dersom eigarane av desse ikkje er tilstades og samtykkjer i det som vert skrive. Skal mennene etter påkrav av partane ogso fyretaka skiltet i marki i samband med skyldskiftet (§ 7 i lovi), må det i grenseutgreidingi ogso takast med det turvande um det. —

1. Er den eigedom, som vert bytt, jordbruk med skog? ........ Nei.

2. Fær kvart av bruki etter skiftet den skog dei treng i husbruk og gardstarvende? ........ Full bruk

3. Er den eigedom, som vert bytt, jordbruk med fjellvidder herunder medrekna fjellvatn, elvar og bekkjer? ........ "

4. Fær kvart av bruki etter skiftet den turvande fjellvidd? ........ "

Dersom det vert svara ja på 1ste spursmålet, og nei på 2dre spursmålet, *eller* dersom det vert svara ja på spursmål 3 og nei på spursmål 4, lyt ein ogso svara på nedannemnde spursmål 5—7:

5. Hev heradsstyret samtykt i skyldskiftet? ........ ——

6. Eller finn skyldskiftemennene at det er godtgjort at den parten som vert fråskild eigedomen vil verta nytta til uppdyrking, byggetuft, veg, industribygg eller anna liknande fyremål? ........ Byggetuft for Pinsemenigheti – Rossland.

7. Eller vert eigedomen bytt etter § 14 i „Lov om odels- og åsætesretten av 26. juni 1821"? ........

Me vitnar:

a) At det ved skiftet ikkje er skipa ny sameign. Men me hev likevel samtykt i at utmarki ........

........

kan nyttast ihop av ........

meddi me ikkje hev funne det tenleg å skifta meir enn som gjort er[1])

b) At kvart bruk hev fenge eit so høvelegt skap for freding og bruk som dei etter tilhøvi kan få.

Skyldi for de fråskilde part vart sett til mark 0,01 ........

Hovudbruket hev att ei skyld av mark 0,25

De fråskilde part er gjeve bruksnamnet[2]) ........ ~~[illegible]~~ Solli

Kostnaderne ved skyldskiftet og tinglesingi av det:[3]) ........

Skal berast av kjøparen ........

........

1) Det som ikkje høver stryk ein.
2) Som bruksnamn må ein ikkje i noko høve velja eit namn som alt er i bruk som slektsnamn og, som ikkje høyrer til dei meir ålgjenge (samlør lov av 9. februar 1923 nr. 2 § 21)
3) Dersom det ikkje vert upplyst eller det ikkje av nokon av partane vert gjeve fråsegn um at avtale er gjord um kven som skal bera kostnaderne ved skyldskiftet, skal mennene gjera vedtak um korleis kostnaderne skal bytast millom partane.

Partane vart gjorde kjende med, at dei kan innanka skyldskiftet til yverskyn, med umsyn til storleiken av skyldi og skiftet i marki og at påkrav um dette må vera gjort til sorenskrivaren innan 3 månader etter at dette skyldskiftet er tinglyst.

Me sannar at me hev gjort arbeidet vårt etter beste skyn og yvertydning i samsvar med den lovnad me hev gjeve.

Me hev gjort vedtak um at Kjøparen skal syta for å senda (levera) skyldskiftet til sorenskrivaren til tinglysing.

~~For Seljar: Herman Rosland~~

~~For Kjøparane: Ludvik Vikebø~~

Erik Skurtveit

Ingv. Ryland

Johannes Bratteberg

Godteke til tinglysing 26 august 1939

For sorenskriveren

Nelly Bell Knutsen

Tinglyst ved

De/N fråskilde part hev fenge g.nr. 6 br.nr. 22